

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
075/16	Formannskapet	18.10.2016
076/16	Kommunestyret	01.11.2016

Saksbehandlar: Birkeland, Kristian  
Sak - journalpost: 14/1656 - 2016014878

---

### KOMMUNEREFORMA - AVKLARING AV KOMMUNESAMANSLÅING MELLOM ETNE OG VINDAFJORD

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vindafjord kommune går, på dette tidspunkt, ikkje vidare med planane om kommunesamanslåing med Etne kommune, men vel å halda fram som eigen kommune.
2. Det vil vera trong for samarbeid med andre kommunar dei neste åra for å sikra effektive driftsløysingar og for å styrka fagmiljø på fleire område.
3. Kommunestyret ber ordføraren om å ta initiativ mot Etne og andre nabokommunar for å skapa ei plattform for framtidig interkommunalt samarbeid.
4. Rådmannen får i oppdrag å utarbeide ei sak om område der det kan vera aktuelt med interkommunalt samarbeid og om kva hovudprinsipp som skal gjelda for slikt samarbeid.

#### 01.11.2016 Kommunestyret

Varaordfører Steinar Skartland sette for KrF, Sp, V, SV og BBL fram eit justert forslag (Pkt. 1 uendra. I pkt. 2 er det kun mindre justering i setning for å gjera det betre lesbart):

1. På bakgrunn av det store nei-fleirtalet i folkeavrøystinga går Vindafjord kommune ikkje vidare med kommunereforma.
2. Kommunestyret viser til at Ølen og Vindafjord kommunar i 2006 gjennomførte ei frivillig kommunesamanslåing. Dette var ein omfattande prosess som i fleire år la beslag på store ressursar. I denne prosessen vart det gjeve lovnader frå departementet at, dersom det kom betre ordningar seinare, skulle kommunen ikkje tapa på å vera tidleg ute. Kommunestyret viser til endringar i basistilskotet og inntektsnøklane der kommunen taper

på

siste omlegging.

Kommunestyret viser vidare til Regionsenterstøtta som regjeringa etablerte med eit tilskot

på

200 mill. pr. år til samanslåtte kommunar som vert tyngdepunkt i ein region. Vindafjord kommune forventar at dette vert følgd opp.

Terje Halleland foreslo for Frp:

1. Vindafjord kommunestyre tar resultatet frå folkeavrøystinga til etterretning.
2. Kommunestyret ber ordføraren om å arbeida vidare med interkommunalt samarbeid som kan styrkja Vindafjord kommune og styrkja Ølen som sentrum på Indre Haugalandet.

Ved avrøystinga vart resultatet:

4 (Halleland og H 3) røysta for Frp (Halleland) sitt forslag pkt. 1, 20 røysta mot.

Krf, Sp, V, SV og BBL (varaordførar Skartland) sitt forslag pkt. 1 vart vedtatt med 20 røyster, 4 (H og Frp) røysta mot.

4 (Halleland og H 3) røysta for Frp (Halleland) sitt forslag pkt. 2, 20 røysta mot.

Krf, Sp, V, SV og BBL (varaordførar Skartland) sitt forslag pkt. 2 vart vedtatt med 20 røyster, 4 (H og Frp) røysta mot.

#### **KS-076/16 Vedtak:**

1. På bakgrunn av det store nei-fleirtalet i folkeavrøystinga går Vindafjord kommune ikkje vidare med kommunereforma.
2. Kommunestyret viser til at Ølen og Vindafjord kommunar i 2006 gjennomførte ei frivillig kommunesamanslåing. Dette var ein omfattande prosess som i fleire år la beslag på store ressursar. I denne prosessen vart det gjeve lovnader frå departementet at, dersom det kom betre ordningar seinare, skulle kommunen ikkje tapa på å vera tidleg ute.

Kommunestyret viser til endringar i basistilskotet og inntektsnøkklane der kommunen taper på siste omlegging.

Kommunestyret viser vidare til Regionsenterstøtta som regjeringa etablerte med eit tilskot på

200 mill. pr. år til samanslåtte kommunar som vert tyngdepunkt i ein region.

Vindafjord

kommune forventar at dette vert følgd opp.

### **18.10.2016 Formannskapet**

Inga Øverland Apeland foreslo for Sp, Krf, V, SV og BBL:

1. På bakgrunn av det store nei-fleirtalet i folkeavrøystinga går Vindafjord kommune ikkje vidare med kommunereforma.
2. Kommunestyret viser til at Ølen og Vindafjord kommunar i 2006 gjennomførte ei frivillig kommunesamanslåing. Dette var ein omfattande prosess som i fleire år la beslag på store ressursar. I denne prosessen vart det gjeve lovnader frå departementet at, dersom det kom betre ordningar seinare, skulle kommunen ikkje tapa på å vera tidleg ute. Kommunen viser til basistilskotet og inntektsnøklane der kommunen taper på siste omlegging. Regionsenterstøtta som regjeringa etablerte med eit tilskot på 200 mill. pr. år til samanslåtte kommunar som vert tyngdepunkt i ein region. Vindafjord kommune forventar at dette vert fylgt opp.

Per Fatland foreslo for H:

Nytt framlegg pkt. 1:

Vindafjord kommune vil framleis arbeide for samanslåing med Etne og/eller Tysvær.

#### Ved røysting vart resultatet:

Ingen røysta for Rådmannen sitt framlegg til vedtak pkt. 1, 9 røysta mot.

Fatland og Gerd Kvamme (Frp) røysta for Fatland sitt forslag pkt. 1, 7 røysta mot.

Sp, Krf, V, SV og BBL (Øverland Apeland) sitt forslag pkt. 1 vart tilrådd med 7 røyster, Fatland og Kvamme røysta mot.

Sp, Krf, V, SV og BBL (Øverland Apeland) sitt forslag pkt. 2 vart tilrådd med 7 røyster, Fatland og Kvamme røysta for Rådmannen sitt framlegg til vedtak pkt. 2, 3 og 4.

### **FS-075/16 Vedtak:**

#### **Tilråding frå Formannskapet:**

1. På bakgrunn av det store nei-fleirtalet i folkeavrøystinga går Vindafjord kommune ikkje vidare med kommunereforma.
2. Kommunestyret viser til at Ølen og Vindafjord kommunar i 2006 gjennomførte ei frivillig kommunesamanslåing. Dette var ein omfattande prosess som i fleire år la beslag på store ressursar. I denne prosessen vart det gjeve lovnader frå departementet at, dersom det kom betre ordningar seinare, skulle kommunen ikkje tapa på å vera tidleg ute. Kommunen viser til basistilskotet og inntektsnøklane der kommunen taper på siste omlegging. Regionsenterstøtta som regjeringa etablerte med eit tilskot på 200 mill. pr. år til samanslåtte kommunar som vert tyngdepunkt i ein region. Vindafjord kommune forventar at dette vert fylgt opp.

**Saka gjeld:**

Oppfølging av sak KS-054/16 – Intensjonsavtale om samanslåing med Etne kommune.

For utfyllende informasjon om heile prosessen vert det vist til mellom anna følgjande saker som har vore handsama i formannskapet/kommunestyret: FS-016/15, FS-094/15, FS-018/16, KS-066/14, KS-026/15 og KS-036/16.

### **Saksopplysningar:**

Kommunestyret har dei siste åra behandla ei rekke saker knytt til kommunereforma og mogeleg endringar av kommunestrukturen. Siste sak omhandla godkjenning av intensjonsavtale om samanslåing mellom Etne og Vindafjord og vart behandla i kommunestyret 21. juni i år under sak 054/16. Vedtaket vart som følgjer:

1. Intensjonsavtalen vert godkjent slik den ligg føre og skal danne grunnlaget for folkerøystinga om kommunesamanslåing mellom Etne og Vindafjord.
2. Styringsgruppa for samanslåingsprosessen får fullmakt til å inngå intensjonsavtale om namn for den nye kommunen innan 15. august.
3. Det skal avviklast rådgjevande folkerøysting måndag 26. september med dei same valkretsar og vallokale som ved kommunestyre- og fylkestingvalet 2015, så langt det er praktisk mogeleg. Vallokala skal vera opne fram til kl. 20.00.
4. Førehandsrøysting skal gjennomførast i tida 8. – 23. september.
5. Spørsmålet ein skal ta stilling til er: «Skal Vindafjord og Etne slå seg saman til ein ny kommune», med svaralternativ Ja, Nei eller Blank røystesetel.
6. Valstyret får fullmakt til å vedta nødvendige avklaringar i samband med gjennomføring av valet.
7. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre folkerøystinga i tråd med vallova og denne saka.
8. I framkant av folkerøystinga skal det sikrast god informasjon til innbyggjarane, og det skal haldast informasjonsmøte i Vikedal, Skjold og Ølen.
9. Ordføraren får fullmakt til å søkja fylkesmannen om utsetjing av fristen for endeleg vedtak om kommunereforma, i tråd med denne saka.
10. Kostnadane ved folkerøystinga skal finansierast ved handsaminga av 2. tertialrapport 2016.

### Utsetjing av endeleg vedtak

Kommunane hadde i utgangspunktet frist til 01.06.16 med å handsame spørsmålet om eventuell kommunesamanslåing, eller om kommunen skal halde fram som eigen kommune. Vindafjord søkte i brev datert 27.06.16 om utsetjing av fristen med bakgrunn i at det var lagt opp til folkerøysting 26. september. Fylkesmannen stadfesta utsetjing av fristen i brev datert 30.06.16.

### Kommunenamn

Intensjonsavtalen konkluderte ikkje med nytt kommunenamn. I staden blei det lagt opp til ein prosess der kommunane bad om innspel til namn på den nye kommunen. Kommunestyret vedtok 21. juni 2016 at styringsgruppa for samanslåingsprosessen fekk fullmakt til å inngå intensjonsavtale om namn for den nye kommunen.

På møtet i styringsgruppa for samanslåingsprosessen den 25. august 2016 blei arbeidsgruppa sitt framlegg om at den nye kommunen skal heite Etne kommune vedtatt med 19 mot 2 røyster. Styringsgruppa valde seinare, 21. september 2016, samrøystes å annullera val av kommunenamn. Samstundes vedtok styringsgruppa at dersom det blir ny kommune,

skal styringsgruppa laga ein plan for ein grundig prosess for kommunenamnet.

#### Folkemøte og informasjonsarbeid

Rådmennene i begge kommunane samarbeidde med eit lokalt kommunikasjonsselskap om utarbeiding av ei informasjonsbrosjyre tidleg i august. Brosjyren var eit utdrag av intensjonsavtalen og vart distribuert til alle husstander i samband med folkerøystinga. Brosjyren og opptrykka eksemplar av intensjonsavtalen vart nytta på Etnemarknaden for å få ut informasjon til innbyggjarane.

Det vart arrangert 3 folkemøte med god deltaking, i Skjold 05.09, Vikedal 12.09 og Ølen 20.09. Rådmannen informerte om bakgrunnen for intensjonsavtalen og økonomiske utsikter, og ordføraren informerte om intensjonsavtalen. Det var påfølgane innlegg frå dei politiske partia og debatt med salen.

#### Folkerøystinga

Det vart gjennomført fellesmøte mellom valstyra i kommunane for å samkjøre folkerøystingane. Hovudpunkta for gjennomføring av valet vart:

*Samtlege vallokale som vart nytta ved Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015, skal vera opne frå kl. 0900 – kl. 2000 folkerøystingsdagen måndag 26. september. Førehandsrøystinga skal gå føre seg i tidsrommet 8. september – 23. september slik: Ved Vindafjord rådhus frå kl. 0800 torsdag 8. september – fredag 23. september kl. 1530. I tillegg ved rådhuset laurdag 17. september frå kl. 1100 – kl. 1400, og onsdag 21. og torsdag 22. september frå kl. 1530 – kl. 1800.*

*Vindafjordtunet inkludert trygde- og omsorgsbustadene i Vats.*

*Ølen omsorgssenter inkludert omsorgsbustadene i Ølen.*

*Ambulerande røysting. Frist for å søkja vert sett til tysdag 20. september kl.1530.*

*Røystegiving pr. brev frå måndag 15. august.*

*Tidlegrøysting på rådhuset frå måndag 15. august.*

*Røysterett har dei som etter Vallova har røysterett ved Kommunestyre- og fylkestingsvalet.*

Resultat frå folkerøystinga:

	Ja	Blank	Nei	Totalt
Røystetal samla	785	28	2325	3138
Prosentfordeling	25,02	0,89	74,09	100
Valoppsluttnad				48,0

I Etne var oppslutnaden noko større (53%). Her røysta 56% nei og 43% ja

#### Tilråding frå fylkesmannen

##### *Fylkesmannen i Rogaland*

Fylkesmannen i Rogaland la fram si innstilling onsdag 27. september 2016. Her står følgjande om Vindafjord kommune.

*«Vindafjord og Etne (Hordaland) er i dialog om å danne ny kommune, og vi har avtalt utsatt frist for endelege vedtak. Vi ettersender tilrådinga for desse kommunane seinast i november»*

### *Fylkesmannen i Hordaland*

Fylkesmannen i Hordaland la 29. september 2016 fram si faglege tilråding om ny kommunestruktur i Hordaland. Tilrådinga var basert på målsetjingane for reforma og kriteriar for ein god kommunestruktur. Fylkesmannen tilrår (pr. 01.10.2016) ti kommunar i Hordaland.

Dei fleste opplista namna er arbeidsnamn som dekkjer det aktuelle geografiske området. I si tilråding skriv Fylkesmannen at det framleis går føre seg prosessar i delar av fylket, kor Etne har fått utsetjing til å fatte endeleg vedtak til 1. november. Eidfjord, Ulvik og Granvin («Indre Hardanger») har fått utsetjing til 1. desember. Jondal fattar nytt vedtak den 5. oktober. Fylkesmannen skriv at departementet vil verte orientert om resultatata av vedtaka etter kvart som dei vert fatta.

I si faglege tilråding, under avsnittet om fylkesovergripande utfordringar som kan inngå i reforma, skriv Fylkesmannen følgjande: «Fylkesmannen tilrår at Etne (4.109 innb) slår seg saman med Vindafjord i Rogaland».

### **Vurdering:**

I tilrådinga frå styringsgruppa står følgjande i intensjonsavtalen mellom Etne og Vindafjord: *«Etter ei samla vurdering står Etne og Vindafjord fram som eit høgst aktuelt og framtidsretta alternativ for å byggja ein ny kommune. Ei samanslåing vil gje ein kommune med eit innbyggjartal som gjer kommunen i stand til å handtera dei fleste eksisterande og nye tenesteoppgåver på eiga hand. Kommunane har som mål å etablere ny kommune frå 01.01.2020.»*

Rådmannen sluttar opp om denne formuleringa og meiner at det er gode argument for å slå saman desse kommunane frå 2020. Det vert her vist til samla vurdering i sak KS-054/16 som omhandlar intensjonsavtalen.

Rådmannen vil likevel rå til at ein ikkje går vidare med denne prosessen no. Dette med bakgrunn i at kommunestyra har vald å gjennomføre rådgjevande folkerøysting i denne saka. Rådet frå innbyggjarane er tydelege. Då vert det og avgjerande for rådmannen si innstilling.

Kommunen bør i staden søkja utvida interkommunalt samarbeid der det er naturleg, for å oppnå meir kostnadseffektive løysingar og betre tenestekvalitet. Rådmannen ønskjer å koma tilbake til kommunestyret med ei sak om hovudprinsipp for eit slikt utvida samarbeid.

### **Vedlegg:**

VALPROTOKOLL UNDERSKRIVEN  
OVERSIKT ENDELEG  
FOLKERØYSTING 2016 - FRAMMØTE KRETSSVIS  
KOMMUNEREFORM - OPPSUMMERING OG TILRÅDING

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
050/16	Formannskapet	21.06.2016
054/16	Kommunestyret	21.06.2016

Saksbehandlar: Birkeland, Kristian  
Sak - journalpost: 14/1656 - 2016008614

---

### GODKJENNING AV INTENSJONSAVTALE FOR SAMANSLÅING AV KOMMUNANE ETNE OG VINDAFJORD

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Intensjonsavtalen vert godkjent slik den ligg føre og skal danne grunnlaget for folkerøystinga om kommunesamanslåing mellom Etne og Vindafjord.
2. Styringsgruppa for samanslåingsprosessen får fullmakt til å inngå intensjonsavtale om namn for den nye kommunen innan 15. august.
3. Det skal avviklast rådgjevande folkerøysting måndag 12. september med dei same valkretsar og vallokale som ved kommunestyre- og fylkestingvalet 2015, så langt det er praktisk mogeleg. Vallokala skal vera opne fram til kl. 20.00.
4. Førehandsrøysting skal gjennomførast i tida 1. – 11. september.
5. Spørsmålet ein skal ta stilling til er: «Skal Vindafjord og Etne slå seg saman til ein ny kommune», med svaralternativ Ja, Nei eller Blank røystesetel.
6. Valstyret får fullmakt til å vedta nødvendige avklaringar i samband med gjennomføring av valet.
7. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre folkerøystinga i tråd med vallova og denne saka.
8. I framkant av folkerøystinga skal det sikrast god informasjon til innbyggjarane, og det skal haldast informasjonsmøte i Vikedal, Skjold og Ølen.
9. Ordføraren får fullmakt til å søkja fylkesmannen om utsetjing av fristen for endeleg vedtak om kommunereforma, i tråd med denne saka.
10. Kostnadane ved folkerøystinga skal finansierast ved handsaminga av 2. tertialrapport 2016.

#### 21.06.2016 Kommunestyret

Vidar Samland foreslo for SV:

Intensjonsavtalen vert ikkje godkjent, og arbeidet for å slå saman Etne og Vindafjord blir avslutta.

Formannskapet si tilråding vart vedtatt med 21 røyster, 4 (Ap 3 og SV 1) røysta for SV (Samland) sitt forslag.

## **KS-054/16 Vedtak:**

1. Intensjonsavtalen vert godkjent slik den ligg føre og skal danne grunnlaget for folkerøystinga om kommunesamanslåing mellom Etne og Vindafjord.
2. Styringsgruppa for samanslåingsprosessen får fullmakt til å inngå intensjonsavtale om namn for den nye kommunen innan 15. august.
3. Det skal avviklast rådgjevande folkerøysting måndag 26. september med dei same valkretsar og vallokale som ved kommunestyre- og fylkestingvalet 2015, så langt det er praktisk mogeleg. Vallokala skal vera opne fram til kl. 20.00.
4. Førehandsrøysting skal gjennomførast i tida 8. – 23. september.
5. Spørsmålet ein skal ta stilling til er: «Skal Vindafjord og Etne slå seg saman til ein ny kommune», med svaralternativ Ja, Nei eller Blank røystesetel.
6. Valstyret får fullmakt til å vedta nødvendige avklaringar i samband med gjennomføring av valet.
7. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre folkerøystinga i tråd med vallova og denne saka.
8. I framkant av folkerøystinga skal det sikrast god informasjon til innbyggjarane, og det skal haldast informasjonsmøte i Vikedal, Skjold og Ølen.
9. Ordføraren får fullmakt til å søkja fylkesmannen om utsetjing av fristen for endeleg vedtak om kommunereforma, i tråd med denne saka.
10. Kostnadane ved folkerøystinga skal finansierast ved handsaminga av 2. tertialrapport 2016.

## **21.06.2016 Formannskapet**

Ordføraren opplyste at fylkesmennene har fått melding om at fristane kan utsetjast noko, og at han med bakgrunn i dette vil foreslå endring av tidspunkt for folkerøysting og førehandsrøysting. Endringsforslaget vert fremja i samråd med Etne kommune.

Ordføraren foreslo:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med fylgjande endringar:

3. Det skal avviklast rådgjevande folkerøysting måndag 26. september med dei same valkretsar og vallokale som ved kommunestyre- og fylkestingvalet 2015, så langt det er praktisk mogeleg.

Vallokala skal vera opne fram til kl. 20.00.

4. Førehandsrøysting skal gjennomførast i tida 8. – 23. september.

Ordføraren sitt forslag vart tilrådd med 7 røyster, Reidar Håvås (Ap) røysta mot.

## **FS-050/16 Vedtak:**

### **Tilråding frå Formannskapet:**

1. Intensjonsavtalen vert godkjent slik den ligg føre og skal danne grunnlaget for folkerøystinga om kommunesamanslåing mellom Etne og Vindafjord.



2. Styringsgruppa for samanslåingsprosessen får fullmakt til å inngå intensjonsavtale om namn for den nye kommunen innan 15. august.
3. Det skal avviklast rådgjevande folkerøysting måndag 26. september med dei same valkretsar og vallokale som ved kommunestyre- og fylkestingvalet 2015, så langt det er praktisk mogeleg. Vallokala skal vera opne fram til kl. 20.00.
4. Førehandsrøysting skal gjennomførast i tida 8. – 23. september.
5. Spørsmålet ein skal ta stilling til er: «Skal Vindafjord og Etne slå seg saman til ein ny kommune», med svaralternativ Ja, Nei eller Blank røystesetel.
6. Valstyret får fullmakt til å vedta nødvendige avklaringar i samband med gjennomføring av valet.
7. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre folkerøystinga i tråd med vallova og denne saka.
8. I framkant av folkerøystinga skal det sikrast god informasjon til innbyggjarane, og det skal haldast informasjonsmøte i Vikedal, Skjold og Ølen.
9. Ordføraren får fullmakt til å søkja fylkesmannen om utsetjing av fristen for endeleg vedtak om kommunereforma, i tråd med denne saka.
10. Kostnadane ved folkerøystinga skal finansierast ved handsaminga av 2. tertialrapport 2016.

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:**

LOV 2001-06-15 nr 70: Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova)

#### **Saka gjeld:**

Godkjenning av intensjonsavtale for samanslåing av Etne og Vindafjord til ein kommune.

#### **Saksopplysningar:**

I juni 2014 slutta Stortinget seg til Regjeringa sine mål og opplegg for ei kommunereform. Det blei lagt til grunn fire målsetnader for reformarbeidet:

- Gode og likeverdige tenester for innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Kommunane har fått i oppdrag å greie ut om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Utgreiingane skal i utgangspunktet resultere i eit kommunestyrevedtak seinast 1. juli 2016 om kva kommunen vel å gjere. Etter dette skal Fylkesmannen gå igjennom vedtaka og vurdere om dei er i tråd med hovudmåla i reforma og gje ei samla innstilling frå fylket. Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal på denne bakgrunn fremje ein proposisjon om kommunestruktur til Stortinget våren 2017. Kommunane som blir vedtatt slått saman har tida fram til 1.januar 2020 på å førebu samanslåinga.

Vindafjord kommune har delteke i ulike prosessar på Haugalandet. Tre konkrete alternativ er

utgreidd: Halde fram som eigen kommune, samanslåing med Etne kommune og samanslåing med Etne, Sauda og Suldal kommunar. Etter vedtak frå andre kommunar og gjennomført innbyggjarundersøking er det eit aktuelt samanslåingsalternativ. Kommunestyret gjorde på bakgrunn av dette følgjande vedtak i møte 24. mai 2016 under sak 36/16:

1. Vindafjord kommune går vidare med samanslåingsalternativet med Etne kommune.
2. Det vert oppretta ei styringsgruppe og eit arbeidsutval som skal forhandla fram ein intensjonsavtale mellom kommunane.
3. Intensjonsavtalen skal skildre mål for samanslåinga, framlegg til kommunenamn og administrasjonssenter, hovudprinsipp for organisering av den nye kommunen og andre forhold kommunane gjennom samtalar blir einige om. Avtalen skal og skildra framlegg til vidare prosess.
4. Framlegget til intensjonsavtale skal leggjast fram for kommunestyret i juni møtet.
5. Styringsgruppa består av:  
Formannskapa i Vindafjord og Etne  
Rådmennene i Vindafjord og Etne

Hovudtillitsvalde (2 stk. frå kvar kommune)

6. Arbeidsutvalet består av:  
Ordførar, varaordførar, rådmann og ein frå opposisjonen i Vindafjord og Etne.  
Som representant frå opposisjonen i arbeidsutvalet vert vald Per Fatland.
7. Dersom kommunestyret vedtek intensjonsavtalen, skal den leggjast fram til rådgjevande folkerøysting

Arbeidsutvalet hadde sitt første møte 18. mai. Etter det har det vore 3 møte i arbeidsutvalet og 2 møte i styringsgruppa – det siste 7. juni. Det har vore ein intens prosess med lange møte og gode drøftingar, som har resultert i at styringsgruppa har samla seg om ein tilrådd intensjonsavtale for samanslåing av kommunane. Intensjonsavtalen er utforma i 10 hovudpunkt og ligg ved saka.

I Intensjonsavtalen har ein slått fast hovudprinsipp for samanslåingsprosessen og hovudmål for den nye kommunen. I vurderingsarbeidet har ein lagt vekt på å vege behovet for å vera konkret opp mot behovet for fridomen den nye kommunen må ha til å organisere tenestetilbodet på ein best mogeleg måte. Kommunesenteret fastsett til Ølen, kommunen blir ein del av Rogaland fram til regionreforma er på plass. Samansetting av fellesnemnda og politisk organisering i ein ny kommune er avtalt.

Gjennom intensjonsavtalen har ein og lagt vekt på å sikra dei tilsette sine rettar i den nye kommunen og ein har eit uttrykt mål om at vil vil skapa meir attraktive arbeidsplasser med større fagmiljø og fleire mogelege karriereveggar.

I avtalen legg ein opp til at det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting i begge kommunane i september, og at resultatet av denne skal leggast fram for kommunestyret innan 1. oktober for endeleg avgjer om eventuell samanslåing.

Intensjonsavtalen har ikkje konkludert på nytt kommunenamn, men meiner at dette må takast opp att før folkerøystinga i eit nytt møte i styringsgruppa. Det vert lagt opp til ein prosess der kommunane vil be om innspel til namn på den nye kommunen.

I tilrådinga frå styringsgruppa står følgjande:

*«Etter ei samla vurdering står Etne og Vindafjord fram som eit høgst aktuelt og framtidsretta alternativ for å byggja ein ny kommune. Ei samanslåing vil gje ein kommune med eit innbyggjartal som gjer kommunen i stand til å handtera dei fleste eksisterande og nye tenesteoppgåver på eiga hand. Kommunane har som mål å etablera ny kommune frå 01.01.2020.»*

Dersom kommunestyret støttar denne tilrådinga, må det gjerast vedtak om gjennomføring av folkerøysting og finansiering av denne. Ein må og ta stilling til om ein skal søkje utsetjing av fristen for å gjera endeleg vedtak om kommunesamanslåing, som er sett til 1. juli. Kostnadane ved gjennomføring av folkerøystinga er grovt anslått til 2-300.000 kr avhengig av m.a vald løysing for førehandsrøystinga.

### **Vurdering:**

Intensjonsavtalen legg rammer for ei eventuell samanslåing av Etne og Vindafjord, og dei generelle rammene for kommunane seier noko om konsekvensar for ny kommune kontra det å halde fram som eigen kommune. Samstundes er det fleire usikre faktorar, og det vil det framleis vere framover, Det er såleis knytt ein del usikkerheit til kva utfordringar og krav kommunane møter i framtida. Vurderinga av vinsten med ein ny og større kommune må av den grunn i stor grad basere seg på skjøn, der konklusjonen vil vere avhengig av kva faktorar ein legg mest vekt på. Spørsmålet handlar i praksis om ein trur kommunane Etne og Vindafjord og deira innbyggjarar er best rusta for å utvikle seg i tråd med endringane i samfunnet saman i ein ny kommune eller kvar for seg som i dag.

I det etterfølgjande vil rådmannen gje ei kort vurdering av samanslåingsalternativet mot dei fire hovudmåla for kommunereforma som er fastsett sentralt.

### **Gode og likeverdige tenester for innbyggjarane**

Etter rådmannen si vurdering har Vindafjord kommune i dag gjennomgåande gode tenester, noko som blir underbygd av resultat frå ulike brukarundersøkingar. Tenestenivået er relativt likt i begge kommunane, men det er forskjellar på nokre område. Til dømes har Etne kommune ein meir sentralisert skule- og barnehagestruktur enn Vindafjord.

I intensjonsavtalen er det lagt stor vekt på omsynet til gode og likeverdige tenester. Det er lagt vekt på at brukarnære og stadbundne tenester skal løysast nær der innbyggjarane bur, men at nokre kommunale tenester ikkje er stadbundne og kan lokaliserast friare. Ei samanslåing gir moglegheit for å utvikle tenestene etter «beste praksis» og gjere dei meir kostnadseffektive. På denne måten kan ein tenkje seg at innbyggjarane som går inn i den nye kommunen med det dårlegaste utgangspunktet vil få eit betre velferdstilbod utan at det må gå utover tilbodet til dei andre. Samstundes vil innbyggjarane i eit større område enn før

kunne få eit likeverdig tilbod.

I små kommunar kan fagmiljøa for spesialiserte oppgåver bli for små og sårbare i høve til kompetanse og kapasitet. Det kan og oppstå rekrutteringsproblem og gje smådriftsulempar med effektivitetstap. Kommunane har til ei viss grad allereie i dag tatt konsekvensen av dette ved å delta i vertskommunesamarbeid og IKS på fleire tenesteområde. Dei fleste av desse er saman med Etne. Likevel er det framleis mange viktige funksjonar som blir ivaretatt av ein eller nokre få stillingar. Kommunen er difor sårbar og små fagmiljø kan gje utfordringar både for rekruttering og moglegheita til å behalda arbeidstakarar.

Ei samanslåing vil altså kunne gje større og meir robuste einingar for ikkje-stadbunde tenester som igjen vil kunne gje eit betre tenestetilbod. Samstundes er mesteparten av tenestetilbodet til kommunen stadbunde tenester, som ikkje har desse problema i like stor grad i dag. Innbyggjarane i Vindafjord vil likevel kunne sjå ei styrking av tenestetilbodet i ein ny kommune gjennom meir ressursar til strategisk planlegging, utvikling og koordinering av tenestene.

Ein ny kommune med Etne og Vindafjord vil ha betre økonomi i eit 20-års perspektiv enn kommunane kvar for seg. Større løyvingar gir betre vilkår for å styrke tenestekvaliteten. Dette trekker i retning av at ein samanslåing vil kunne gje betre tenester.

Når det gjeld ulempene med samanslåing av kommunane er det først og fremst avstandane som blir trekt fram. Kommunen blir ein geografisk stor kommune med eit totalareal på 1355 km<sup>2</sup>. Frå Rullestad i aust til Hodnafjellet i vest er det om lag 85 km.

Avstanden mellom kommunesentra er imidlertid om lag 10 km. Konsekvensen for innbyggjarane er såleis liten når det gjeld tenester som vert lokalisert i Ølen eller Etne sentrum. Elles går det fram av intensjonsavtalen at ein ønskjer dei viktigaste stadbundne velferdstenestene nær der innbyggjarane bur.

Samla sett vurderer rådmannen at samanslåingsalternativet vil kunne gje eit betre samla tenestetilbod i framtida. For nokre tenester kan avstanden bli lengre, men teknologi vil gjere behovet for å oppsøke mange tenestestader stadig mindre aktuelt. Betre økonomi, større fagmiljø og utvikling av beste praksis bør kunne gje betre tenester i ein ny kommune.

### **Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling**

Etne og Vindafjord utgjer i noko grad ein felles arbeidsmarknadsregion, med relativt stor del pendling mellom kommunane og då spesielt frå Etne til Vindafjord.

Ein ny kommunane vil leggje til rette for større slagkraft i arbeidet med å utvikle eit regionalt tyngdepunkt i indre del av Hauglandet. Kommunen vil bli den tredje største i regionen. Eit større og meir einskapleg kompetansmiljø vil også kunne styrke dette arbeidet.

Etne og Vindafjord kommunar har i dag eit ustrakt samarbeid på fleire område. I plan- og

reguleringssamanheng har kommunane mange felles utfordringar. Kommunane har eit samarbeid i næringslivet gjennom felles næringslivsselskap. Næringslivet i kommunane har i høyring tatt til ordet for samanslåing.

Samarbeidet kommunane mellom vert i dag dels utfordra av fylkesgrensa. I intensjonsavtalen er det lagt til grunn at den nye kommunen eventuelt skal ligge i Rogaland, men ein vil vere ein pådrivar for ein ny Vestlandsregion der Nord-Rogaland og Sunnhordland går samla inn.

### **Berekraftige og økonomisk robuste kommunar**

Ein meir effektiv administrasjon vil kunne frigjere ressursar til å styrke kommunen sine kjerneoppgåver. I intensjonsavtalen er det lagt til grunn at kommunesenteret, Ølen, skal innehalda det strategiske avgjersnivået (kommunestyret, rådmann og kommunalsjefar) med tilhøyrande stabsfunksjonar og servicetorg. Det er vidare slått fast at stabsrelaterte arbeidsplassar kan lokaliserast andre stader enn på rådhuset der dette er føremålstenleg.

Både Etne og Vindafjord kommunar tapar på omlegginga av nytt inntektssystem. Framlegget i Kommuneproposisjonen viser at Etne kommune tapar ca. 2 millionar og Vindafjord kommune tapar ca. 3,69 millionar på omlegginga av inntektssystemet. Vindafjord kommune tapar i tillegg 2,6 millionar fordi skjønnstilskotet som blei gitt etter omlegginga av inntektssystemet i 2011 no fell bort. Ved samanslåing får kommunane behalde inndelingstilskot som om kommunane framleis var to kommunar i totalt 20 år, der dei siste 5 åra er ei nedtrapping. Dette utgjer om lag 13 millionar. Verknaden av inntektssystemet slår og annleis ut og ein ny og større kommune vil tape mindre på omlegginga. Samstundes gir ei samanslåing av kommunane eingongstilskot på totalt 25 millionar, reformstøtte på 5 millionar og 20 millionar til dekking av eingongskostnader.

Næringssamansetninga i kommunane utfyllar kvarandre noko. Dette vil i ein viss grad gjere ein ny kommune mindre sårbar for konjunktursvingingar for einskilde bransjar. Landbruket er viktig i begge kommunane. I dag har bøndene i Etne kommune ein del gunstigare vilkår gjennom distriktstilskot for grisekjøtt, kylling og kalkun. I marknaden for mjølkekvotar er prisen er 3-5 kr pr. liter lågare i Hordaland enn i Rogaland. I intensjonsavtalen er det slått fast at ny kommune skal arbeida for å oppretthalda landbrukspolitiske verkemiddel og å løfte den nye kommunen over i soneplasseringa Etne-landbruket har i dag. Dette vil vere viktig for landbruket i ein ny kommune.

### **Styrka lokaldemokrati**

I intensjonsavtalen er talet på kommunestyrerepresentantar sett til 33. Summen for dei to kommunane er i dag 46. Avstanden frå den einskilde innbyggjar til politikarane vil bli noko større, og det vil i snitt bli mindre representasjon frå dei ulike delane av kommunane. På den andre sida vil representasjonen framleis skje gjennom politiske parti. Dette vil sikra at innbyggjarar i alle deler av kommunen har lik moglegheit til å påverka det politiske arbeidet og dei politiske prioriteringane.

Interkommunalt samarbeid utfordrar demokratiet ved at makt og kontroll vert flytta bort frå kommunestyret. Ein ny, større kommune vil avgrense behovet for interkommunale løysningar noko. Dette gjeld fyrst og fremst vertskommunesamarbeida mellom Etne og Vindafjord.

Slik rådmannen vurderer det er identiteten i stor grad knytt opp til dei ulike grendene i begge kommunane. Det vert lagt opp til å styrka grendeutvalsmodellen. Dette vil vera viktig for å sikra god dialog i alle grendene i viktige saker for innbyggjarane og grendene.

I eit regionalt perspektiv vil truleg den folkevalde påverknadskrafta for samfunnsutviklinga i regionen bli styrka ved at ein får ei større stemme i ein ny kommune, i staden får to mindre som i dag. Samstundes vil ulike lokale meiningar ikkje kome like godt fram. Kva som er best for demokratiet vil det vera delte meiningar om.

## **Oppsummering**

Både Etne og Vindafjord kommune har utfordringar når det gjeld økonomi og spesialiserte tenester og vil vera avhengig av anten utvida samarbeid eller samanslåing for å handtera

oppgåvene framover. Rådmannen vurderer det slik at intensjonsavtalen om samanslåing representerer eit tydeleg og godt alternativ. Sett opp mot måla for kommunereforma meiner rådmannen at kommunesamanslåing med Etne samla sett er eit betre alternativ enn om kommunen held fram som eigen kommune.

Vindafjord har og gode erfaringar frå samanslåinga for om lag 10 år sidan. Sjølv om fleirtalet i gamle Vindafjord var knapt den gong framstår kommunen som ein samla kommune i dag med sterke grendemiljø.

## **Folkerøysting**

Vindafjord kommunestyre har tidlegare vedtatt (K-sak 36/16) at det skal gjennomførast ei rådgjevande folkerøysting. Viss ein ny kommune skal lukkast må den ha tilstrekkeleg legitimitet hjå innbyggjarane. Resultatet frå denne må leggjast vekt på, så lenge deltakinga er stor nok til at den er representativ. For mange handlar kommunestruktur i stor grad om identitet og tilhørse, faktorar som er vanskelege å greie ut og vurdere. Det blir viktig å få informert innbyggjarane godt om dei moglege konsekvensane av dei ulike alternativa, slik at dei kan gjere eit val på ei så opplyst grunnlag som mogleg.

Kommunen rekk ikkje fristen om vedtak innan 1.juli, men bør ha eit vedtak før Fylkesmannen skal gje si innstilling 1.oktober. Av praktiske årsaker vert det vanskeleg å få gjennomført ei folkerøysting før i byrjinga av september. Røystinga bør i utgangspunktet ha tilnærma lik utforming og same dato for gjennomføring i Etne og Vindafjord. Det vert lagt opp til at valstyret får mynde til å avgjere alle nødvendige tilhøve for gjennomføring av valet.

Spørsmålet ein skal ta stilling til er:  
«Skal Vindafjord og Etne slå seg saman til ein ny kommune.»

**Vedlegg:**  
Intensjonsavtale for samanslåing av Etne og Vindafjord